

STYREPROTOKOLL

Onsdag 7. april 2021 heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS digitalt styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø.

MØTESTAD:	Microsoft Teams og telefon
MØTESTART/-SLUTT:	Kl. 16.00 – 16.55
STYRMEDLEMMER SOM DELTOK:	Siv Bente Stople Østbø , Ernst Morgan Endresen og Astri Furumo
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET DELTOK:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
INNKALLING:	Godkjent (utsending pr. e-post 24.03.21)
SAKSLISTE:	Godkjent

Følgjande saker blei handsama:

SAK 6/21 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 16.02.21

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøtet i HKS IKS den 16.02.21 blir godkjent.

Styrehandsaming 07.04.21:

Styret hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak 07.04.21:

Protokoll frå styremøtet i HKS IKS den 16.02.21 blir godkjent.

SAK 7/21 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 30.03.21

3. Innkalling til representantskapsmøte 26.04.21 i HKS IKS, sendt ut 19.03.21
4. Kommunaldepartementet – endring i lov om interkommunale selskap - Samfunnsbedriftene sitt høringssvar 25.01.21
5. Departementets brev 15.03.21 om ny veileder til kontrollutvalg – og revisjonsforskrifta

Styrehandsaming 07.04.21:

Dagleg leiar orienterte og styret kommenterte. Dei var positive til digitale møte når det var trong for det.

Samrøystes vedtak 07.04.21:

Referatsakene 3 -5 blir tatt til orientering.

SAK 8/21 – STATUSOVERSIKT PR. MARS 2021

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Statusoversikt pr. mars 2021 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 07.04.21:

Dagleg leiar informerte om vårens møteplan, om digitale samlingar og konferansar og arbeidssituasjonen generelt. Styret kommenterte og dei såg fram til å ha fysiske møte igjen.

Samrøystes vedtak 07.04.21:

Statusoversikt pr. mars 2021 blir tatt til orientering.

SAK 9/21 – REGNSKAPSRAPPORT PR MARS

Dagleg leiar si framlegg til vedtak:

Styret tar regnskapsrapport første kvartal 2021 for HKS IKS til orientering.

Styrehandsaming 07.04.21:

Styreleiar gjorde framlegg om å endre vedtaket til «pr. 28.02.21». Styret støtta endringa.

Samrøystes vedtak 07.04.21:

Styret tar regnskapsrapport pr. 28.02.21 for HKS IKS til orientering.

SAK 10/21 – GODKJENNING AV STYRET SI MELDING OG SEKRETARIATET SI ÅRSMELDING 2020

Dagleg leiar sitt framlegg til innstilling:

Styret si melding og sekretariatet si årsmelding 2020 vert godkjent og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vedtar årsmelding 2020 slik den er lagt fram.

Årsmeldinga vert oversendt samarbeidskommunane til orientering.

Styrehandsaming 07.04.21:

Styret hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak 07.04.21:

Styret si melding og sekretariatet si årsmelding 2020 vert godkjent og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

og innstilling til representantskapet

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vedtar årsmelding 2020 slik den er lagt fram.

Årsmeldinga vert oversendt samarbeidskommunane til orientering.

SAK 11/21 – GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2020

Dagleg leiar sitt framlegg til innstilling:

Årsrekneskapen for 2020 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 78 493. Årets overskot vert lagt til eigenkapitalen.

Styrehandsaming 07.04.21:

Dagleg leiar viste til at revisor har levert rein revisjonsmelding utan merknader. Styret hadde ingen merknader. Saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 07.04.21 og innstilling til representantskapet:

Årsrekneskapen for 2020 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 78 493.

Årets overskot vert lagt til eigenkapitalen.

SAK 12/21 – REGULERT BUDSJETT FOR 2021

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret godkjenner regulert budsjett for 2021 slik det ligg føre.

Styrehandsaming 07.04.21:

Styret drøfta framlegget og dei blei samde om å redusere kostnadene til revisjon og rekneskap med kr 20.000. Dagleg leiar støtta framlegget.

Samrøystes vedtak 07.04.21:

Styret godkjenner regulert budsjett for 2021 slik det ligg føre, men med ovannemnde endring.

SAK 13/21 – BUDSJETT FOR 2022

Dagleg leiar si innstilling:

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner framlegg til budsjett for 2022 slik det er lagt fram og inviterer representantskapet til å fatte følgjande vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2022 med følgjande rammer:

Inntekter 2022		Utgifter 2022	
Tilskot	2 302 000	Lønn- og sosiale utgifter	1 980 000
Andre inntekter	-	Driftsutgifter	322 000
Inntekter totalt	2 302 000	Utgifter totalt	2 302 000
Resultat	0		0

Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2022 følgjande:

Karmøy kommune	418 000
Haugesund kommune	418 000
Tysvær kommune	220 000
Vindafjord kommune	220 000
Sveio kommune	195 000
Sauda kommune	195 000
Etne kommune	195 000
Suldal kommune	195 000
Bokn kommune	128 200
Utsira kommune	118 000

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindretgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka.

Styrehandsaming 07.04.21:

Styret slutta seg til innstillinga med vidareføring av tidlegere økonomiplan med auke på 3,5 % og saka vert vidare sendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 07.04.21 og innstilling til representantskapet:

Styret i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner framlegg til budsjett for 2021 slik det er lagt fram og inviterer representantskapet til å fatte følgjande vedtak:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2021 med følgjande rammer:

Inntekter 2021		Utgifter 2021	
<i>Tilskot</i>	<i>2 302 000</i>	<i>Lønn- og sosiale utgifter</i>	<i>1 980 000</i>
<i>Andre inntekter</i>	<i>-</i>	<i>Driftsutgifter</i>	<i>322 000</i>
<i>Inntekter totalt</i>	<i>2 302 000</i>	<i>Utgifter totalt</i>	<i>2 302 000</i>
<i>Resultat</i>	<i>0</i>		<i>0</i>

Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2021 følgjande:

Karmøy kommune	418 000
Haugesund kommune	418 000
Tysvær kommune	220 000
Vindafjord kommune	220 000
Sveio kommune	195 000
Sauda kommune	195 000
Etne kommune	195 000
Suldal kommune	195 000
Bokn kommune	128 000
Utsira kommune	118 000

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakar-kommunane ikkje blir auka.

SAK 14/21 – ØKONOMIPLAN 2022 - 2025

Dagleg leiar sitt framlegg til innstilling:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2022-2025:

	2022	2023	2024	2025
Inntekter:				
Tilskudd	2.302.000	2.371.000	2.442.000	2.515.000
Andre inntekter	0	0	0	0
Totalt	2.302.000	2.371.000	2.442.000	2.515.000
Utgifter:				
Lønn og sos. utg.	1.980.000	2.039.000	2.100.000	2.163.000
Driftsutgifter	322.000	332.000	342.000	352.000
Totalt	2.302.000	2.371.000	2.442.000	2.515.000
Resultat	0	0	0	0

Styrehandsaming 07.04.21:

Styret slutta seg til innstillinga med auke på 3 % og saka vert vidare sendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 07.04.21 og innstilling til representantskapet:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2022-2025:

	2022	2023	2024	2025
Inntekter:				
<i>Tilskudd</i>	<i>2.302.000</i>	<i>2.371.000</i>	<i>2.442.000</i>	<i>2.515.000</i>
<i>Andre inntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Totalt	2.302.000	2.371.000	2.442.000	2.515.000
Utgifter:				
<i>Lønn og sos. utg.</i>	<i>1.980.000</i>	<i>2.039.000</i>	<i>2.100.000</i>	<i>2.163.000</i>
<i>Driftsutgifter</i>	<i>322.000</i>	<i>332.000</i>	<i>342.000</i>	<i>352.000</i>
Totalt	2.302.000	2.371.000	2.442.000	2.515.000
<i>Resultat</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

SAK 15/21 – STRATEGIPLAN 2022- 2026 FOR HKS IKS

Dagleg leiar sitt framlegg til innstilling:

Strategiplan 2022-2026 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

Styrehandsaming 07.04.21:

Dagleg leiar orienterte om endringa i hovudmål. Styret slutta seg til endringa og innstillinga og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 07.04.21 og innstilling til representantskapet:

Strategiplan 2022-2026 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

SAK 16/21 – VAL AV REVISOR FOR HKS IKS

Dagleg leiar sitt framlegg til innstilling:

Representantskapet for HKS IKS vel KPMG AS som revisor for rekneskapsåret 2021.

Styrehandsaming 07.04.21:

Styret slutta seg til innstillinga og saka vert vidaresendt representantskapet til endeleg vedtak.

Samrøystes vedtak 07.04.21 og innstilling til representantskapet:

Representantskapet for HKS IKS vel KPMG AS som revisor for rekneskapsåret 2021.

EVENTUELT

Neste møte

I følgje vedtatt møteplan er neste styremøte sett til **tysdag 21. september.**

Dagleg leiar tar kontakt med styreleiar før dersom det skulle vere trong for det.

Aksdal, 7. april 2021

Siv Bente Stople Østbø (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar